

Læreplan for

FIOLIN



Fiolin er det minste av strykeinstrumenta, og er brukt i veldig mange sjangrar og samanhengar, som klassisk og moderne musikk, viser, folkemusikk, jazz og popmusikk.

Fiolin er eit populært soloinstrument, og er i tillegg viktig blant anna i orkester, kammermusikk, spelemannslag og ulike band.

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Du kan normalt byrja å spela fiolin frå du er 5 år.

4. Instrument/utstyr

-Fiolin og bua (finst i ulike storleikar og det er mogleg å leiga instrument frå kulturskulen)

- Strengar

- Noter (verta kjøpt sjølv)

5. Organisering av undervisinga

Undervisinga på fiolin er organisert som enetimer og orkestertimar.

Orkesterundervising føregår på Kulturskulesenteret, Husnes. Kulturskulen underviser òg ved ein skule nær eleven dersom det er praktisk mogleg for læraren vår. Det tyder at det må vera fleire elevar i same skulekrets, og undervisingstilhøva må vera tilfredsstillande.

Fiolinundervising kan verta lagd til Malmanger, Husnes, Uskedalen og Halsnøy.

6. Konsertar og samspill:

Det er viktig å verta vant til å spela med andre og det er obligatorisk for fiolinelevar å delta i strykeorkester lagt til Kulturskulesenteret annankvar måndag. Dette er gratis. Alle fiolinelevar skal i løpet av undervisningsåret få tilbod om å opptre på minst to konsertar eller prosjekt som inngår i undervisingstilbodet til kulturskulen. I tillegg til konsertane til kulturskulen, vert elevane invitert til å opptre på lokale arenaer, som «Syng med oss», lagsmøte mm. Av og til er det mogleg å vera med på samarbeidsprosjekt med Sunnhordlands kammerorkester frå Stord med profesjonelle utøvarar.

7. Egenøving

Læraren fortel eleven om kvifor og kor mykje eleven må øva. Kulturskulen forventar at eleven øver regelmessig, og kjem førebutt til timen.

8. Evaluering/Utviklingssamtalar

I løpet av skuleåret skal det verta utviklingssamtalen halde tilpassa alder og nivå mellom elev, lærer og foreldre/føresette. Tema som kan vera aktuelle å ta opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

9. Mål for undervisinga på kjerneprogram, organisering

- 1 . Byrjarnivå
- 2 . Mellomnivå
- 3 . Viderekoment nivå

Byrjarnivå

Ein nybegynner på fiolin er til vanleg frå 1.-3.klasse. Ein 1. klassing vil normalt ha lite seinare progresjon. Ein eldre nybegynner går raskare fram. Undervisinga inneheld både enetime og samspill.

Foreldra er viktig ressurs på nybegynnernivået. Det er fint om ein forelder alltid kan vera med på både enetimer og samspill. Hovudoppgåva for foreldra er å observera, slik at dei kan hjelpa til med øvingen heime. Det kan vera å hugsa melodiane eller tekniske ting som skal øvast på. Mobiltelefonen kan vera eit godt hjelpemiddel for foreldra. Både til å ta bilete av haldning m.m., eller opptak av melodiar. Ein positiv forelder som stør opp om timar og øving er gull verd!

Læringsmål

Dei første åra er hovudfokus å læra grunnteknikken for både bua og venstre hand. Gjennom leik, øvinger, aktivitetar og spel får eleven grunnleggjande kunnskapar på fiolin og innan musikk generelt. Aktuelle samspill er Orkester 1.

På timane arbeider vi med:

- Instrumentshaldning og buegrep
- Teknikk
- Rytme, intonasjon
- Notelesing
- Øvingsteknikker
- Framføringer
- Komposisjon, improvisasjon
- Utenatspill
- Lytting

Mellomnivå

Undervisinga består av både enetime og samspill. Ein elev på mellomnivå spelar i Orkester 2.

Etter å ha lært det grunnleggjande i fiolinspelet på nybegynnernivå, er mellomnivå gullalderen for teknisk utvikling. No trengst det mye stoff for å få god mengdtraining. Foreldra er framleis viktige støttespelarar for å leggja til rette for gode øverutiner. Med betre teknikk og god forståing for notebiletet, er valhøva store på repertoar. Eleven kan òg sjølv koma med ønske om musikkval.

Orkesterspel er ein arena for læring av mange ferdigheter, samstundes som det er ein møteplass for spelevener. I orkesteret får eleven trening i å lesa notebilete, laut på andre stemmar og følgje ein dirigent.

Læringsmål:

På enetimene arbeider vi med

- Orkesterrepertoar
- Repertoar tilpassa den enkeltes nivå
- Vidareutvikling av teknikk/ greip
- Notelesing, musikkteori
- Frasering, dynamikk
- Innføring og utvikling av eit fint vibrato
- Improvisasjon/komposisjon
- Rytme, intonasjon
- Lytting
- Øvingsteknikker
- Fremføringsteknikker

På orkestertimane arbeider vi med:

- Konsentrasjon/fokusering
- Lytting (til musikken/ kvarandre/ akkompagnatøren)
- Å kunna følgja ein leier/dirigent
- Rytme, intonasjon/dynamikk/frasering/puls
- Å øva inn eit konsertrepertoar

- Å få kvar enkelte til å fungera som ein del av ein stor heilskap

Vidarekomment nivå

Undervisinga er både enetime og samspill. Ein elev på vidarekomment nivå spelar i Orkester 3 .

Mange kjende klassiske stykke kan no vera ein del av repertoaret. Etydar og tekniske øvingar vert ein del av det faste repertoaret i tillegg til spelestykke. Dette krev eit systematisk øve-opplegg som eleven og læraren saman set opp. God øve-teknikk må lærast. Gjennom nye bueteknikker og fingerteknikkar lærer eleven å variera klangen i fiolinspelet og skapa den stemningen som trengst for stykket. Dette er ein spennande oppdagelsesreise i musikalske uttrykk. Eleven har etter kvart fått møta ulike genrar av musikk, og på vidarekomment har ein del elevar funne «musikkgenren sin». Då er det viktig å få spela denne, samstundes som ein vert presentert for annan musikk.

Læringsmål:

På timane arbeider vi med

- Posisjonsspel
- Avanserte bueteknikker
- Stemming av instrument
- Frasering, dynamikk, klang, musikalsk forståing
- Repertoarutvikling

10. Mål for undervisinga på fordjupingsprogram, organisering

Ein elev på fordjupingsprogram har etter kvart nivå for å søkja ei musikklinje på høgskulenivå. Fordi omfang av repertoaret, øvingar og etydar er stor, utvidast fiolintimar til 30 minutt per veke.

Elevar som ynskjer å gå vidare på høgskulenivå, treng god hjelp til førebuing til prøvespel og andre opptaksprøver.

Fiolinistar på dette nivået får vera medlem i SKO – Sunnhordland kammerorkester som er ein del av fordjupingsprogrammet.

Se heimeside for meir informasjon om søknad til fordjupingstilbodet i musikk.